



## KI-notat nr.29/2010 Bakgrunn for vedtak

Søker/sak:	Øygardselva Kraft AS/ Øygardselva kraftverk		
Fylke/kommune:	Møre og Romsdal/Volda		
Ansvarlig:	Øystein Grundt	Sign.:	
Saksbehandler:	Katarina Eftevand	for Sign.:	
Dato:	08 JUN 2010		
Vår ref.:	NVE 200702800-24 ki/oeqr		
Sendes til:	Søkjar og alle som har uttalt seg til saken		

## Søknad om løyve til å bygge Øygardselva kraftverk i Volda kommune, Møre og Romsdal

### Innhald

Samandrag .....	1
Søknad .....	3
Høyring og distriktshandsaming .....	5
Søkjar sine kommentarar til høyringsuttalar .....	11
Tilleggsopplysningar og kommentarar til disse .....	17
Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) sine merknader .....	19
NVE si vurdering .....	23
NVE sin konklusjon .....	28
Merknader til konsesjonsvilkåra etter vassressurslova .....	29

### Samandrag

Søknaden frå Øygardselva Kraft AS gjeld løyve etter § 8 i vassressurslova til utbygging og drift av Øygardselva kraftverk i Øygardselva i Volda kommune, Møre og Romsdal. Søknaden er handsama etter reglane i kap. 3 i same lov.

Søknaden er handsama samstundes med søknad om løyve til å bygge Laurdalselva minikraftverk som ligg innafor same vassdragsavsnittet.

Det omsøkte prosjektet ville etter søknaden utnytte eit fall i Øygardselva mellom kote 135 og kote 35 og gje ein årleg produksjon på ca. 3,3 GWh. Etter høyring og synfaring har søkjar lagt fram to alternativ for inntak og kraftstasjonsplassering som er det som no gjeld. Begge alternativa har inntak på kote 142, endringa her skuldast nye høgdemålingar. Stasjonen vert enten på kote 34, (alt. 2) eller på kote 50 ovanfor Øygardsfossen, (alt. 3).

I begge alternativa er kraftverket planlagt med ein effekt på om lag 0,6 MW, maksimal slukeevne på 0,75 m<sup>3</sup>/s og minste slukeevne 0,075 m<sup>3</sup>/s. Produksjonen vert på om lag 3,7 GWh/år, (alt 2) /3,2 GWh/år (alt. 3). Vi syner til tabell på s. 4 for full oversikt over dei to alternativa.

Det er lagt opp til slepping av minstevassføring i Øygardselva på 200 l/s i perioden 01.05-30.09 og 100 l/s resten av året.

Øygardselva er ei sideelv til Stigedalsvassdraget som er varig verna mot kraftutbygging. I verna vassdrag er det opna for utbygging av minikraftverk med inntil 1 MW installert effekt. Føresetnad for å gi konsesjon er at utbygginga ikkje kjem i konflikt med vernekriteria. Verneverdiane i Stigedalsvassdraget er spesiell knytt til kulturlandskap og flora og fauna saman med friluftslivverdier i nedbørfeltet. I tillegg er det trekt fram at vassdraget er eit typevassdrag for Søndre Sunnmøres midtre fjordstrøk.

Volda kommune tilrår at konsesjon vært gitt under føresetnad av at det vært sleppt tilstrekkeleg minstevassføring. Kommunen peikar og på nærleik til kulturminne og trong for særskilt omsyn i planleggings- og byggefasen.

Møre og Romsdal fylke rår ikkje frå at konsesjonen vert gitt, men peikar på at utbygging i eit verna vassdrag lett kan skape presedens for andre søknader. Vidare meiner fylket at det bør leggjast fram eit alternativ med lågare utnyttingsgrad/større minstevassføring. Fylket meiner og at plassering av kraftstasjonen ovanfor den gamle saga vil vere eit mindre inngrep i dette landskapet og ønskjer at dette alternativet bør utgreiast før ein går vidare med konsesjonshandsaminga. Fylket gjev elles uttrykk for at dei finn informasjonen om verknader for naturtilhøva noko mangelfull.

Bjørkedal Grendautval peikar på at utbygging av elvane vil kunne gje inntekter til grunneigarane og kan soleis vere med på å sikre busetnaden i bygda. Difor blir dette sett på som eit positivt tiltak, og dei støttar søknaden slik den ligg føre. Elva bør ha minstevassføring og uvalet viser til at dette er teke høgde for i konsesjonssøknaden.

Naturvernforbundet i Ørsta og Volda krev at NVE ikkje gir konsesjon til småkraftverk som ikkje inngår i fylkesvis eller kommunal delplan for vassdrag. Samtidig skriv naturvernforbundet at den omsøkte utbygginga truleg ikkje vil gå ut over dei kvalitetane som vart lagt til grunn for vern av Stigedalsvassdraget.

Volda Jeger og Fiskeigarlag er skeptisk til det omsøkte tiltaket og meiner at utbygging av Øygardselva vil svekke bestanden av anadrom laksefisk i vassdraget ytterlegare.

Tussa Nett AS ser på bygging av småkraftverk som eit positivt bidrag til kraftbalansen i fylket. Dersom Lurdalselva og Øygardselva kraftverk skal mate effekt inn i 22 kV nettet, må delar av 22 kV nettet i Bjørkedalen oppgraderast og transformatoren i Straumshamn må skiftast ut.

Statens Vegvesen peikar på at Øygardselva kraftverk må søke om utvida bruk av eksisterande avkøyrsla til E39. Det kan bli stilt krav til utbetring av avkøyrsla i samsvar med gjeldande retningslinjer.

NVE vurderer det slik at positive verknader ved prosjektet er knytt til produksjon av fornybar energi, inntekter til grunneigarane med høve til auka næringsaktivitet og styrka busetting, samt skatteinntekter til kommunen. Dei negative konsekvensane omfattar inngrep i ei verna vassdrag, redusert vassføring på utbyggingsstrekka og anleggstekniske inngrep i terrenget.

NVE legg stor vekt på at tiltaket ikkje påverkar urørt område og at det ikkje i noko nemnande omfang svekkar viktige verneverdiar som etter vårt syn i hovudsak ligg i andre deler av Stigedalsvassdraget. NVE meiner difor at bygging av det omsøkte kraftverket ikkje vil være i strid med krava i vassressurslova § 35, 1. ledd, post 5 og 8.

NVE syner til at ei utbygging av Øygardselva etter alternativ 3 med kraftstasjon på kote 50, ovanfor Øygardsfossen, vil gje eit positivt bidrag i form av ny fornybar energienergiproduksjon på snautt 3,2 GWh/år og lokal verdiskaping samstundes som det då ikkje er i konflikt med kulturmiljøet med kvernhus og sirkelsag. Med god planlegging og oppfølging i byggetida samt ei sesongtilpassa og relativt stor minstevassføring og ei viss avgrensing i slukeevna til kraftverket, meiner NVE tiltaket heller ikkje vil påverke andre allmenne interesser i nemnande grad.

**Under føresetnad av at det blir slept ei tilstrekkeleg sesongtilpassa minstevassføring, blir utbygginga vurdert til å ikkje få avgjerande verknader på verneinteressene, jf. vassressurslova § 35, første ledd, pkt. 5 og 8. Etter ei samla vurdering av det omsøkte prosjektet og innkomne uttalar, finn NVE at fordelane ved det omsøkte tiltaket er større enn skader og ulemper for allmenne og private interesser slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt.**

**NVE gir i medhald av vassressurslova § 8 løyve til å utbygging og drift av Øygardselva kraftverk etter alternativ 3 på nærare fastsette vilkår**

## Søknad

NVE har mottekke følgjande søknad frå Øygardselva Kraft AS v/ Hans Peter Eidseflot, datert 01.01.2007:

*Øygardselva Kraft AS ynskjer å nytte vassfallet i Øygardselva i Volda kommune i Møre og Romsdal fylke, og søker med dette om fylgjande løyve:*

*Etter vassressurslova, jf. § 8, om løyve til:*

- å bygge Øygardselva kraftverk

*Etter ureiningslova om løyve til:*

- gjennomføring av tiltaket

*Kraftverket blir tilknytta det eksisterande 22 kV nettet og det blir inngått avtale om bygging og drift av høgspenningsanlegget med områdekonsesjonæren Tussa Nett AS.*

*Nødvendige opplysningar om tiltaket går fram av vedlagde utgreiing.*

<b>TILSIG</b>		Hovedalternativ (Frå søknad)	alternativ 2	alternativ 3
Nedbørfelt	km <sup>2</sup>	14,3	14,3	14,3
Årlig tilsig til inntaket	mill.m <sup>3</sup>	31,6	31,6	31,6
Middelvannføring	l/s	1002	1002	1002
Alminnelig lavvannføring	l/s	71	71	71
5-persentil sommer (1/5-30/9)	l/s	297	297	297
5-persentil vinter (1/10-30/4)	l/s	57	57	57
<b>KRAFTVERK</b>				
Inntak	moh.	135	142	142
Avløp	moh.	35	34	50
Brutto fallhøyde	m	100	108	92
Midlere energiekvivalent	kWh/m <sup>3</sup>			
Slukeevne, maks	l/s	750	750	750
Slukeevne, min	l/s	75	75	75
Tilløpsrør, diameter	mm	600	600	600
Tilløpsrør/tunnel, lengde	m	450	450	450
Installert effekt, maks	kW	600	664	563
Brukstid	timer	5533		ca 5300
<b>PRODUKSJON</b>				
Produksjon, vinter (1/10 - 30/4)	GWh	1,4	1,59	1,35
Produksjon, sommer (1/5 - 30/9)	GWh	1,92	2,13	1,81
Produksjon, årlig middel	GWh	3,32	3,72	3,16
<b>ØKONOMI</b>				
Utbyggingskostnad	mill.kr	6,75		
Utbyggingspris	kr/kWh	2,03		
<b>Øygardselva kraftverk, Elektriske anlegg</b>				
<b>GENERATOR</b>				
Ytelse		MVA		0,65
Spenning		kV		0,4
<b>TRANSFORMATOR</b>				
Ytelse		MVA		0,65
Omsetning		kV/kV		0,4/22
<b>NETTILKNYTNING (kraftlinjer/kabler)</b>				
Lengde		km		50
Nominell spenning		kV		22
Luftlinje el. jordkabel				

## Høyring og distriktshandsaming

NVE har motteke følgjande høyringsuttalar til søknaden:

**Volda kommune** har i kommunestyremøte den 30.08.2007 vedtatt følgjande:

*"Dei to vassdragsreguleringane ligg i eit heilt spesielt kulturlandskap og i ein sjeldan naturtype. Kommunen finn at søkjaren har vore medviten om desse kvalitetane og har vist moderasjon ved utforming av søknaden. Under føresetnad av at vilkår om minstevassføring som er lagt i søknadene vert oppretthaldne finn ein å kunne tilrå at konsesjon vert gitt.*

*Kommunen vil elles særleg peike på at ved Øygardselva kraftverk, vil kraftstasjonen verte liggande i eit område med kulturminne/kulturhistoriske bygningar (saga og kvernhuset), som vil krevje særleg omsyn til plassering i terrenget og fasademessig utforming/materialbruk. Dette må vektleggast spesielt slik at det nye bygget fell naturleg inn i dette kulturlandskapet, og såleis vere med på å vise utnyttinga av vassressursen over tid, frå kvernhus, oppgangssag/sirkelsag til moderne kraftverk."*

Frå administrasjonen si tilråding i saka refererer vi følgjande:

"...

*Med grunnlag i framlagt søknad, tilhøyrande miljørapport, og mottekne innspel, finn eg grunn til å sjå positivt på dei to søknadane om konsesjon for utnytting av deler av vassressursane i desse vassdraga.*

*Prinsipielt kan ein sjølv sagt slutte seg til det syn at ein også i kommunen og regionen hadde ei samla plan for utnytting av vassdraga. Eg finn imidlertid at det både lokalt og av NVE er gjort gode og grundige vurderingar av alle dei enkeltsaker som har kome til handsaming i kommunen, ut frå omsyn til næringsutvikling og ut frå til natur og miljøomsyn om både lokalt og i ein regional samanheng. Eg finn også i denne saka at det er grunnlag for ei slik handsaming. Vi vel å gje ein samla uttale til desse to søknadane, sjølv om det gjeld to uavhengige prosjekt. Søklarane har gjort eit godt grunnlagsarbeid ved utforming av søknad og val av løysingar. Som det går fram av både sjølve søknaden, tilhøyrande miljørapportar, og innkomne uttaler så langt, er det her lagt vekt på å finne løysingar som er tilpassa det særprege natur og kulturlandskap som tiltaka røyler ved, og å finne løysingar med omsyn til minst moglege nye inngrep i naturen. Eksisterande skogsveggar vert såleis i stor grad utnytta for framføring av røygater. Inntak og kraftstasjonar er plasserte med tanke på så små terrenginngrep som moglege. Det er og lagt opp til ei god restvassføring, som gjer at naturverdiane i vassdraget i stor grad vert teke vare på, både ut frå omsyn til biologisk mangfald og i høve til visuell verknad. Eg viser såleis til m.a. uttale i frå Naturvernforbundet der det er sagt slik:*

*"Desse to vassdragsreguleringane ligg i eit heilt spesielt kulturlandskap og i ein sjeldan naturtype. Det ser ut som om søkjaren har vore medviten om desse kvalitetane og har vist moderasjon ved utforming av søknaden"*

*Administrasjonen er samd i denne vurderinga og finn at kommunen gjev positiv tilråding til dei to søknadene om konsesjon."*

Møre og Romsdal fylke uttalar i brev av 30.08.2007:

”...

#### Konklusjon

- Øygardselva er i utgangspunktet varig verna mot kraftutbygging. Utbyggingsøknadene i Laurdalselva og Øygardselva er dei to første vi har i verna vassdrag Møre og Romsdal. Det er derfor viktig å vere klar over at desse lett vil skape presedens for andre søknader i verna vassdrag.
- Prosjektet legg opp til ein relativt høg utnyttingsgrad i høve til gjeldande retningslinjer. Dersom ein skal gå vidare med søknaden bør det leggest fram alternativ med lågare utnyttingsgrad/større minstevassføring.
- I verna vassdrag må det stillast særskilte krav til dokumentasjon av moglege verknader på biologisk mangfald. Vi viser her til merknadene over og rår til at ein får ein nærare dokumentasjon om eventuelle fossesprøytsoner og moglege sentrale artsgrupper som mose- og lav.
- Utbygginga vil påverke viktige landskaps- og kulturhistoriske verdiar i nedre deler av området. Plassering av kraftstasjonen ovanfor den gamle saga vil vere eit mindre inngrep i dette landskapet. Dette alternativet bør derfor utgreiast før ein går vidare med konsesjonsbehandlninga.
- Vi ber også NVE om å vektlegge dei samla konsekvensane ved eventuell utbygging av to varig verna nabovassdrag i dette området.”

#### Vurdering

I konsesjonssaker vil Møre og Romsdal fylke kome med synspunkt på dei framlagt planane med særleg vekt på miljø (inkludert fisk og ålmenne interesser), forureining, landbruk og kulturminne. Til dette prosjektet har vi følgjande merknader:

#### Kulturminne frå nyare tid

Vassdraga har gjennom tidene vore sers viktig for Bjørkedalen og den næringa som har vore dreve der. Dette er synleg i form av dei kulturminna og rester etter kulturminne som er knytt til elva. Båtbygging er ei næring som har hatt stor betydning for bygda.

Dette er ei spesiell kulturhistorie for ei bygd som ligg så langt frå sjøen. Ein viktig grunn til at det vart bygd båtar her var trevirkets kvalitet (furu som vaks på olivingrunn) og tilgang til elva og sag. Vi vil difor understreke den kulturhistoriske verdien av sirkelsaga og kvernhuset som ligg i Øygardselva. For desse kulturminna er det sers viktig at vassføringa i elva er så stor at dei framleis kan nyttast og opplevast i sitt rette element. Likeins er plassering av nye bygg som kraftverk og røyrgate viktig. For at ein ikkje fysisk eller visuelt skal skjemme eller øydelegge kulturminna tilrår vi at nye bygg blir plassert i god avstand ovanfor saga og kvernhuset.

#### Natur - og miljøvern

##### Verna vassdrag

Øygardselva er eit sidevassdrag til Stigedalselva og dermed eit varig verna vassdrag mot kraftutbygging (Verneplan 4). Saman med søknaden i nabovassdraget Laurdalselva er dette den første konsesjonssøknaden i verna vassdrag i vårt fylke. Utbyggingsplanar i slike vassdrag bør etter vårt syn ha ei sær god grunnleggjeving.

*Det er viktig at mesteparten av vatnet i eit verna vassdrag (VV) fortsatt skal renne fritt i elva. I forhold til andre småkraftprosjekt i VV legg utbyggingsalternativet opp til ein vesentleg høgare utnyttingsgrad (maks. slukeevne på ca. 75 % av middelvassføringa) enn vi tidlegare har sett. (Middelvassføringa over året er oppgitt å bli redusert med 45 %). Etter det vi kjenner til har det sjeldan vore gitt løyve til prosjekt som tar ut meir enn 10-20 % av middelvassføringa i verna vassdrag*

#### Biologisk mangfald

*Etter det vi kjenner til er det ikkje registrert særskilte naturfaglege data i dette området. Bergrunngelogeologisk kart viser at vassdraget ligg like sør for feltet med ultrabasisisk fjell. Etter rapporten var konsulenten si synfaring konsentrert om å vurdere naturtypar og vegetasjonssamfunn, men vi saknar ei nærmare identifisering etter DN si handbok om kartlegging av prioriterte naturtypar. Etter den rapporten er det mykje som tyder på at ein del av Øygardselva kan karakteriserast som fossesprøytsone. Den bør visast på kart og verdsettast etter handboka. Etter handboka kan mellom anna forskjellige moseartar vere sjeldne i den naturtypen. Vi vil i den samanheng minne om at DN har retta spesiell merksemd mot skogtypen bekkekløfter og fosserøyksamfunn. Jf. brev av 22.03.07 frå DN til fylkesmennene. Prioriteringa er grunngeven ut frå det internasjonale ansvaret som Noreg har for desse fuktige vegetasjonssamfunna og der ikkje minst mose og lav er sentrale artsgrupper.*

#### Landskap

*Størsteparten av utbyggingsstrekninga gjeld sjølve Øygardsfossen med markerte fossefall og juv. Det visuelle inntrykket vil kanskje ikkje vil bli særleg endra under stor vassføring. Likevel vil det omsøkte vassuttaket bety en reduksjon av vassføringa over året på nærare 50 % noko som også vil måtte verke inn på opplevinga av fossen. Øvre del av fossen er ikkje så lett synleg frå bygda, men den nedre del kan lett sjåast frå E39. Landskapsmessig er dette den viktigaste strekninga som også inkluderer kulturlandskapet med ei eldre sag og kvernhus. Vi saknar derfor ei vurdering av ei alternativ plassering av kraftstasjonen på oversida av desse bygningane.*

#### Fisk

*Etter dei opplysningar vi har fått vil ikkje anadrom strekning bli redusert ved ei eventuell utbygging. Vi kan derfor ikkje sjå at det er naudsynt med behandling av tiltaket etter laks- og innlandsfisklova.*

#### Forureining

*Vi kan ikkje sjå at utbygginga vil føre til slik fare for forureining at det er naudsynt med særskilt behandling etter forureiningslova.”*

**Bjørkedal Grendautval** uttalar i brev av 09.08.2007:

*” Vi syner til dykkar brev m/vedlegg datert 25.06.07 vedkommande søknader om løyve til utbygging av Øygardselva og Laurdalselva i Bjørkedalen.*

*Ei utbygging av elvane vil kunne gje inntekter til grunneigarane og kan soleis vere med på å sikre buseinaden i bygda. Difor meiner vi at dette er eit positivt tiltak, og støttar søknadene slik dei ligg føre.*

*Elvane bør ha minstevassføring, dette ser vi at det er teke høgde for i konsesjonssøknadene.*

*Miljøfaglege registreringar og vurderingar ligg ved søknadspapira. Slik vi les desse, vil utbygging få beskjedne verknader for biologisk mangfald. Ved eventuell utbygging bør ein støtte seg på desse vurderingane for å få til så gode løysingar som råd.”*

**Volda Jeger- og Sportsfiskarlag** uttalar i brev av 26.06.2007:

*”Volda Jeger og Sportsfiskarlag er bedne om å gi ei fråsegn som gjeld ei eventuell utbygging av Øygards- og Laurdalselva i Volda kommune. Styret i Volda Jeger og Sportsfiskarlag har styrebehandla denne saka 26. juni 2007.*

*Vi har valt å avgrense oss til å seie noko om konsekvensane ei evt. utbygging kan ha for fisken desse elvane. Både elvane har ein god bestand av aure. Dette vil bli skadelidande ved ei minstevassføring, slik det er skissert. Det som bekymrar oss mest er kva verknad dette vil ha for den anadrome laksefisken i vassdraget. Både elvane er elvar der anadrom laksefisk går opp for å gyte. I mange år kultiverte Volda Jeger og Sportsfiskarlag vassdraget med eit eige klekkeri ved Kilselva. Då vart anadrom stamfisk fanga i begge desse elvane. Dei to aktuelle elvane er difor viktige for den anadrome laksefisken i vassdraget. Etter at vi slutta å kultivere elva, og grunneigarane skulle drive kultiveringa, tok kultiveringa slutt. Seinare har miljøvernavingdelinga hos Fylkesmannen meint at vassdraget skulle kultivere seg sjølv, då dei meiner at her var mange nok gytebekkar/-elvar i vassdraget. Etter at kultiveringa tok slutt har bestanden av laks – og delvis sjøaure gått dramatisk tilbake. Dette kan ha mange årsaker. Ein av desse årsakene er nok at vassdraget har fått ein bestand av oter, som tek smolt og yngel, samt fleire kilo store laksar og sjøaurar. Som eit vassdrag med anadrom fisk, er dette truga, slik som mange andre vassdrag i Volda kommune.*

*Vi er difor svært skeptisk til tiltak som kan gå utover bestanden av villaks og sjøaure i dette vassdraget. Vi trur at utbygging av Øygards- og Laurdalselva vil svekke bestanden av anadrom laksefisk i dette vassdraget ytterlegare.”*

**Tussa Nett AS** uttalar i brev av 13.09.2007:

*” Begge dei planlagde kraftverka vil vere elvekraftverk utan regulering. Installert yting for Laurdalselva kraftverk er 1000 kVA og årleg middelproduksjon er berekna til 4,95 GWh. Kraftverket er planlagt tilknytt Tussa Nett AS sitt lokale 22 kV nett med ein om lag 600 meter lang jordkabel. Installert effekt for Øygardselva kraftverk er 600 kW og årleg middelproduksjon er 3,32 GWh. Avstanden frå kraftverket til tilknytingspunktet i 22 kV nettet er om lag 50 meter.*

*Vi har gjort utrekningar for å vurdere nettkapasitet ved innmating av effekt frå Laurdalselva og Øygardselva kraftverk. Det er ikkje kapasitet i dagens 22 kV nett til å ta i mot produksjon frå Laurdalselva og Øygardselva kraftverk. Dersom nettet skal kunne ta i mot produksjon frå Laurdalselva og Øygardselva kraftverk, må om lag 5 km av 22 kV linja i Bjørkedalen forsterkast. Saman med annan produksjon som er planlagt elles i området har heller ikkje eksisterande 66/22 kV transformator i Straumshamn kapasitet til å ta i mot den planlagde produksjonen.*

*Det ligg føre mange planar om ny småkraftutbygging i Møre og Romsdal og i Sogn og Fjordane. Stadig meir produksjon i periodar med mykje vatn kan føre til at produksjonen periodar kan overstige eksisterande kapasitet i overliggande nett. Dette gjeld spesielt i flaumsituasjonar med høg produksjon i både regulerte og uregulerte kraftverk. I følgje brev frå Statnett SF til Tussa Nett AS, datert 10.04.2007, vil det vere ledig kapasitet i 132 kV nettet i Møre og Romsdal sør for Ørskog til å ta imot 40 MW ny småkraftproduksjon etter at 132 kV linje Haugen - Sykkylven er temperaturoppgradert.*

*Vi har hatt førespurnad om nettilknytting av både Laurdalselva og Øygardselva kraftverk, men på grunn av førebels manglande kapasitet i nettet er det ikkje inngått nokon nettavtale mellom Tussa Nett AS og nemnde kraftverk.*

*I følgje kraftsystemutgreiing for Møre og Romsdal 2007 er fylket i ferd med å få eit betydeleg kraftunderskot. Tussa Nett AS ser på bygging av småkraftverk som eit positivt bidrag dl kraftbalansen i fylket. Dersom Laurdalselva og Øygardselva kraftverk skal mate effekt inn i 22 kV nettet, må delar av 22 kV nettet i Bjørkedalen oppgraderast og transformatoren i Straumshamn må skiftast ut.”*

**Naturvernforbundet i Ørsta og Volda** uttalar i e-post datert 16.08.2007:

### ***”1. Om landskapet utbygginga grip inn i .***

*Sett med naturvernauge er vi glade for at heile tiltaket ligg godt under tregrensa, i eit område som frå før har mange spor frå menneska sine inngrep, og det ligg i skjerna avstand frå dei områda som er mest brukte til friluftsliv og rekreasjon. Samtidig ser vi at desse to elvane høyrer organisk saman med det verna Stigedalsvassdraget, men vi kan ikkje sjå at den omsøkte reguleringa vil gå ut over dei kvalitetane som vart lagt til grunn for denne verninga.*

*Tiltaket grip inn i eit kulturlandskap på ein måte som vil setje varige spor. Dei nye kraftverka blir begge liggande svært nær kulturhistoriske byggverk, og kan sjåast på som synlege spor etter ressursutnytting i vår tid. Slik har kulturlandskapet endra seg til alle tider. Vi ser ingen grunn til å "gøyme bort" eventuelle nye bygg, men det er viktig at minstevassføringa vil bli så stor at sagene og kverna framleis kan nyttast som dømer på utnytting av vasskrafta før.*

*Sagbrukshistoria, fossekrafta, olivingrunnen, skogen og båtbyggjartradisjonane heng saman, og må også i framtida vere leselege i landskapet. Denne kulturhistoria har verdi langt ut over det lokale. Endringane av kulturlandskapet ligg elles i utkanten av det vi ser som vårt mandatområde.*

### ***2. Om presset på vassdragsnaturen på Vestlandet.***

*Dei siste tre åra har talet på konsesjonssøknadar for småkraftverk auka kraftig. Ørsta og Volda er mellom dei kommunane i landet som har hatt flest prosjekt til handsaming. Pr. 16.08.2007 ligg det 250 konsesjonssøknader til handsaming hos NVE. 25 av desse søknadane kjem frå vårt fylke, og 55 frå Sogn og Fjordane. I tillegg kjem dei som alt er tilrådd utbygd, utbygde eller under utbygging. Mange av desse tilaka er gode energiprojekt. Dei tek omsyn til biologiske og økologiske verdiar, tek omsyn til friluftsliv og estetikk, - og genererer kapital til lokalsamfunnet. Men naturvernforbundet åtvarar sterkt mot at dette skjer for raskt, og som ein bit-for-bit prosess som øydelegg det særeigne fjord- og fjellandskapet vårt.*

*Difor krev vi at alle konsesjonspliktige vassdragsreguleringar, - små og store, må sjåast i ein regional samanheng og prioriterast i ein fylkesplan. Arbeidet med ein slik plan er starta opp av Fylkesmannen i M&R, og fram til denne ligg føre vil vi ikkje tilrå at nokre nye konsesjonar vert gjevne.*

*Vårt primære syn på denne søknaden er altså i tråd med landsmøtevedtaket i NNF. Vi krev at "NVE ikkje gir konsesjon til småkraftverk som ikkje inngår i ein fylkesvis eller kommunedelplan for vassdrag". Dette kravet er sett fram i brev til olje - og energiminister Odd Roger Enoksen og NVE.*

### **3. Om utforming av dei to omsøkte kraftverka.**

*Val av inntak og avgrensing av storleiken på dei toprosjekta er gjort på ein god måte. Det vert ikkje synlege spor sett frå Laurdalssætra eller frå råsene mot Litletoren, Felden eller innover i Laurdalen. Tilkomstvegane til kraftverk og inntaksbasseng grip heller ikkje inn i spesielt attraktive områder. Det same gjeld røyrgatene.*

*Deler av den særskilde furuskogen på olivingrunn ligg innanfor tiltaksområdet. Dette vil stille store krav til å unngå bergsprenging, og til tilbakeføring av masse frå staden. I framlegget til vern av barskog frå Direktoratet for naturforvaltning var denne skogen tilrådd verna.*

*Når det gjeld omsynet til det biologiske mangfaldet vil vi berre vise til rapporten frå Albicilla Natur og miljø - Alv Ottar Folkestad; Området rundt Laurdalselva er spesielt artsrikt og interessant. Her er truga, sjeldne og sårbare artar, men med ei god minstevassføring heile året vil utbygginga neppe få dramatiske konsekvensar for desse..*

*Minstevassføringa 150 l/s og 400l/s (vinter og sommar) må vere eit minimum som NVE bør vurdere å auke av fleire omsyn:*

- Omsynet til det visuelle biletet av Øygardsfossen.
- Omsynet til den lokale aurebestanden i begge elvelaupa.
- Omsynet til miljøet rundt dei restaurerte kulturminna.
- Det biologiske mangfaldet langs elvestryka.

*Formasjonane langs den delen av Laurdalselva som vert regulert krev og ei viss vassføring for "å leve ". Desse formene, -jettegryter, kulpar og avrunda svaberg i eit uvanleg fargespel, er resultat av vatnet si tæring på olivinberggrunnen.*

### **4. Konklusjon.**

*Desse to vassdragsreguleringane ligg i eit heilt spesielt kulturlandskap og i ein sjeldan naturtype.*

*Det ser ut som om søkjaren har vore medviten om desse kvalitetane og har vist moderasjon ved utforming av søknaden.*

- *Men vårt primære syn på søknaden har vi gjort kjend, og vert desse to elvane regulerte, vil behovet for vern av dei siste vassdraga i Ørsta og Volda auke."*

**Statens Vegvesen uttalar** i brev av 10.07.2007:

"...

*Øygardselva kraftverk må søke om utvida bruk av eksisterande avkøyrsla til E39. Det kan bli stilt krav til utbetring av avkøyrsla i samsvar med gjeldande retningslinjer."*

## Søkjar sine kommentarar til høyringsuttalar

Søkjar har i brev av 29.02.2008 kommentert dei innkomne uttalane slik:

*" Viser til våre konsesjonssøknadar for Øygardselva Kraft og Laurdalselva Kraft, begge i Bjørkedalen i Volda, dat. 01.02.2007. Søknadane låg ute på off. høyring juni - august 2007. Vi som søkjarar vil med dette gi våre kommentarar til høyringsuttalane. Sidan uttalane i stor grad er felles for begge dei to prosjekta, vel vi å kommentere prosjekta samla. Vi som søkjarar er i all hovudsak godt nøgde med dei uttalane som er innkomne. Tiltaket har klar støtte både i bygda og i kommunen. Vi har lagt stor vekt på å vurdere fleire utbyggingsalternativ og at planane skal vere godt gjennomarbeidde, slik at det vert størst mogleg nytte av tiltaka og minst mogleg negative effektar. Vi har lagt særleg vekt på dei miljøfaglege aspekta ved utbyggingane, og det er høg bevisstheit hos grunneigarane på at ein skal ta vare på det særmerkte ved natur og kultur i bygda, for dette er noko vi er stolte av!*

### Om vernekriteriane

*Det er ein føresetnad for konsesjon for minikraftverk i verna vassdrag at utbygginga ikkje går ut over verneverdiane. For Stigedalsvassdraget sitt vedkomande var det planane om takrenneprosjekt både aust og vest for Bjørkedalen som førte til at ein lokalt tok initiativ til og støtta det å få vassdraget verna. Vassgjennomstrøyminga i Bjørkedalsvatnet ville bli vesentleg redusert dersom desse prosjekta vart gjennomførte, og ein meinte det var stor fare for at vassdragsmiljøet ville verte skadelidande.*

*NOU 1991 :12B gir ein utvida beskrivelse av Stigedalsvassdraget , og her vert spennvidda i naturtypar langs vassdraget framheva som særmerkt. Botanikk, kulturminneverdiar og friluftsinteresser er dei viktigaste verdiane (Meget stor verneverdi \* \* \* \* ), medan landbruk og landfauna er kategorisert til Stor verdi \* \* \* .*

*Vi ynskjer gjennom dette brevet, samt synfaringa til våren, å få vise at dei omsøkte tiltaka ikkje vil forringe desse verneverdiane.*

### Om uttalane generelt

*Som nemnt over, er vi i hovudsak godt nøgde med uttalane .Tiltaket har klar støtte både i bygda og i kommunen. Vi meiner tilbakemeldingane vitnar tydeleg om at planane er godt gjennomarbeidde og miljøtilpassa, jamfør både Naturvernforbundet, kommunen og grendautvalet. Desse tre høyringspartane har også sett seg godt inn i saka, gjennom synfaringar og grundige gjennomgangar. Tussa er positiv til utbygginga, og dei orienterer om tiltak som må gjerast i nettet, noko vi har vore i dialog med dei om ei tid. Det same gjeld Statens vegvesen, der vi er i dialog om utforming av avkøyrsløse. Volda Jeger- og Sportsfiskarlag sin uttale er dessverre basert på ei feiloppfatning av kva elvestrekning som vert berørt i høve til anadrom fisk. Laget har ikkje vore på synfaring eller vore i dialog med oss før uttalen vart gitt, noko vi beklager. Når det gjeld Møre og Romsdal Fylke sin uttale, skil den seg ut ved at den er einseitig negativt vinkla. Vi er noko undrande til dette, for uttalen verkar ubalansert og ikkje så objektiv som vi forventar av dette forvaltingsorganet. Vi meiner likevel at vi har gode løysingar i høve til dei ankepunkta fylket tek fram.*

### 1. Bjørkedal Grendautval , brev av 09.08.2007

- er positiv til tiltaket.

*Vi har vektlagt god informasjon til bygdefolket heilt frå utbyggingsplanane starta. To gangar i planfasen har det vore sendt skriftleg informasjon til alle husstandane i bygda, der vi har*

informert og bede om innspel til planane. Vi har fått gode tilbakemeldingar, både i høve til omfang og miljøomsyn, og vi har ikkje registrert nokon innvendingar mot planane frå bygda - tvert om. Vi er difor glade for denne klare støtta frå Grendautvalet.

Det er også grunn til å understreke at dei planlagde tiltaka involverer samtlege av oss 15 grunneigarane i området. Alle dei 15 nabogardane har andel i fallrettane, og alle eigarane er involverte og samde om desse søknadane. Dette meiner vi er eit godt utgangspunkt for å styrke busetnaden og næringsgrunnlaget, slik formålet med søknaden er.

## 2. Volda kommune

- Landbruksavdelinga, brev dat. 25.07.2007
- Meiner utbyggingane ikkje medfører særlege landbruksfaglege skadeverknader.
- Kultur- og Næringsavdelinga, brev dat. 16.08.2007
- Tilrår søknadane. Understrekar verdien av bygningsmiljøet og potensialet for auka opplevingsverdi av vasskraftutnyttinga.
- Helseavdelinga, brev dat. 17.08.2007
- Meiner avbøtande tiltak er godt ivaretekne og at ein unngår nye vesentlege inngrep. Understrekar at friluftslivet sine interesser må ivaretakast.

Det er i planane lagt stor vekt på å bruke eksisterande skogsveggar m.v. som trasé for rørgatene, slik at inngrepa skal verte så små som råd er. Begge prosjekta er planlagde slik at det skal verte eit minimum av sprenging i fjell. Inntaka vil bli utforma og plasserte så diskret som råd, og rørgatene vert nedgravne i heile lengda.

- Kommunestyret 30.08.2007 - K-sak 88-07
- Meiner prosjekta er tilpassa natur- og kulturlandskapskvalitetane. Tilrår konsesjon under føresetnad av minstevassføring som i søknadane.

Som tidlegare nemnt, har det vore brukt relativt lang tid på utarbeidinga av søknadane, nettopp for å "kna til" prosjekta slik at dei skal vere godt tilpassa og akseptable – både miljømessig og økonomisk. At Kommunestyret gjev slik klar støtte til prosjekta, er difor gledeleg for oss. Undervegs i høyringsprosessen har både administrasjon og politikarar vore på synfaring og sett seg godt inn i saka. Dei hadde difor eit godt grunnlag å uttale seg på, noko vi meiner er tillitsvekkande.

Når det gjeld minstevassføring, er det etter vårt syn rett å differensiere såpass mykje mellom sommar og vinter, som det vi har søkt om. Vi meiner ei større minstevassføring enn dette vil ha relativt liten miljømessig effekt, men til gjengjeld stor negativ økonomisk effekt. For Øygardselva er dei biologiske verdiane mindre, og minstevassføringa er sett til 200 l/sek i sommarhalvåret. Her er opplevingsverdien noko viktigare, og vi meiner at både den og den naturlege dynamikken i elva er godt ivareteken, slik det er synt i diagram 3-7 i konsesjonssøknaden.

- Ynskjer særleg vektlegging av plassering og utforming av kraftstasjonen ved Øygardselva.

Som gjennomgått i samband med Møre og Romsdal fylke sin uttale, er det sterk interesse og klare planar for å tilpasse den nye stasjonen til det miljøet den skal ligge i. Vi viser til den gjennomgangen nedanfor.

### 3. Tussa Nett AS, brev dat. 13.09.2007

- ser på utbyggingane som positive bidrag til kraftbalansen
- må gjere oppgraderingstiltaka på deler av 22 kV nettet i Bjorkedalen og skifte transformator på Straumshamn.

Vi har jamnleg vore i kontakt med Tussa sidan vi byrja å arbeide med utbyggingsplanane , og vi er kjende med oppgraderingstrongen. For 22kV linja mellom Straumshamn og Bjorkedalen har Tussa eit oppgraderingsprogram , som dei har halde på med gjennomføringa av i ein del år. Tiltaka i dette programmet er ein del av det ordinære linjevedlikehaldet , og vi anser dette som Tussa sitt ansvar som linjeeigar. Vi har fått opplyst frå Tussa at linja vil ha kapasitet til vår omsøkte produksjon når den er ferdig oppgradert. Når det gjeld oppgradering av transformatoren på Straumshamn, er det eit tiltak som må gjerast pga utbygginga av fleire småkraftverk i området. Vi reknar med at våre to aktuelle verk må ta ein andel av kostnadane med denne oppgraderinga, men dette vil Tussa kome attende med ei avklaring på seinare.

### 4. Naturvernforbundet , brev dat. 16.08.2007

- Val av inntak og avgrensing av storleiken på prosjekta er gjort på ein god måte. Tiltaket ligg i område med mange menneskelege inngrep og skjerma frå rekreasjonsområda.
- Meiner ikkje at tiltaka vil gå ut over verneverdiane for Stigedalsvassdraget.

Dette er ein konklusjon vi meiner det er verd å bite seg merke i. Naturvernforbundet hadde ei grundig synfaring av begge prosjekta og sette seg godt inn i planane før uttalen vart gitt. Det er verneverdiane tiltaka skal vurderast ut frå, og vi ser det som ei god tillitserklæring at Naturvernforbundet kjem til denne konklusjonen.

- Frårår konsesjon på prinsipielt grunnlag, på bakgrunn av Norges Naturvernforbund sitt ynskje om fylkesvise planar.

Vi respekterer Naturvernforbundet sit prinsipielle syn vedk. fylkesvise planar. Men vi finn grunn til å vise til Volda kommunestyre si handsaming, der adm. sjefen skriv i saksutgreiinga : "Eg finn imidlertid at det både lokalt og av NVE er gjort gode og grundige vurderingar av alle dei enkeltsaker som har kome til handsaming i kommunen, ut frå omsynet til næringsutvikling og ut frå natur- og miljøomsyn både lokalt og i ein regional samanheng."

- Meiner den omsøkte minstevassføringa må vere eit minimum som ein må vurdere å auke.

Viser her til våre kommentarar til Volda kommunestyre si fråsegn, s. 3.

### 5. Møre og Romsdal fylke

- Uttale, dat. 30.08.2007
- Tiltrår at stasjonen for Øygardselva skal plasserast ovanfor saga og kvernhuset, slik at bygningsmiljøet ikkje vert forringa.

For 15 år sidan var både saga og kverna ved Øygardselva til nedfalls, her var ikkje beita, og skog og kratt dekte husa, elva og landskapet. No er kulturlandskapet gjenopna og istandsett av grunneigarane: her er rydda og skjøtta skog, og her blir drive styrt beitebruk for å halde landskapet i stand. Bygningane er restaurerte til original og brukbar stand. Utan det arbeidet som er gjort siste åra, hadde dette kulturlandskapet hatt langt mindre verdi. Grunneigarane har sterk interesse og engasjement for at ein skal ta vare å dette miljøet - og så ved ei slik utbygging.

Stasjonsplasseringa er nøye vurdert. På den planlagde staden blir huset liggande på ein veileigna stad oppunder bakken, der den vert tilbaketrekt og ikkje dominerande i høve til saga. Bygningen vil bli utforma som dei andre husa i området: med torvtak og ståande, ubehandla trekledning. Rørgata vert nedgravd heilt fram til stasjonen, slik at landskapet blir lite endra. Reduksjonen i vassføring vil i liten grad redusere den potensielle brukstida for saga, sidan saga i all hovudsak var brukt i periodar med snøsmelting og stor vassføring. Slukeevna til det planlagde kraftverket vert ikkje større enn at saga kan brukast også i framtida.

Grunneigarane ynskjer å understreke at framtidig inntekt frå kraftproduksjon er ein viktig føresetnad for å kunne vedlikehalde bygningane og kulturlandskapet. Denne garden har uvanleg mange gamle hus og såleis relativt store vedlikehaldsutgifter knytt til dette. Utan beitedyr og eit kontinuerleg vedlikehald vil gjengroing og forfall igjen overta. Bygningane er ikkje freda, og ein er såleis avhengige av eigarar som ser det som økonomisk og praktisk forsvarleg å drive slikt vedlikehald.

Vi meiner ikkje at opplevingsverdien av området vil verte redusert gjennom utbygginga: tvert om vil det utgjere ein vesentleg opplevingsverdi å kunne sjå bruken av vassressursane gjennom tidene. Det vil ein kunne oppleve her, med kvern, sagbruk og kraftstasjon liggjande på rekkje langs elva. Kverna og saga vil også i framtida vere tilgjengelege for alle interesserte, slik dei er det i dag. Denne potensielle auken i opplevingsverdi vert påpeika både av Naturvernforbundet og Volda kommune si Kultur- og Næringsavdeling. Ei flytting av stasjonen slik Møre og Romsdal fylke tilrår, vil innebere 20 høgdemeter mindre fall og såleis ein vesentleg redusert produksjon, frå 3,32 MW til 2,66 MW. Reduksjonen i utbyggingskostnadane vert derimot liten, slik at utbyggingsprisen vil auke frå 2,03 kr/kWh til 2,59 kr/kWh (27,6% auke). Ei endra plassering vil også føre til trong for ny veg fram til denne staden, noko som i seg sjølv vil vere eit inngrep i området. Som omtalt før, har vi gjort grundige vurderingar av lokalisering og utforming av stasjonen, slik at det ikkje skal redusere opplevingsverdien. Vi meiner difor at ei flytting av stasjonen vert eit svært dyrt tiltak, og at dei avbøtande tiltaka som er skisserte vil ha god og fullt ut tilstrekkeleg effekt.

Vi må til slutt påpeike at fagsaksbehandlaren for kulturminne ikkje har vore på staden og sett den planlagde plasseringa. I ein telefonsamtale i etterkant av at uttalen var gitt, kom det mellom anna fram at vedkomande ikkje var klar over at rørgata var planlagd nedgravd. Vi tykkjer det er beklageleg at tilrådingar av så omfattande karakter ikkje vert gjort på eit meir solid grunnlag, og vi meiner at dette må få konsekvensar for korleis tilrådinga vert vektlagt.

- Påpeikar høg utnyttingsgrad og viser til maks slukeevne på 75% av middelvassføringa.

Vi meiner det er noko misvisande å fokusere på den maksimale slukeevna. Det er middelvassføringa gjennom året som er beste målestokken for uttaksvolumet, og vi søker altså om å få ta ut om lag 75% for Øygardselva. Det er korrekt at dette ligg over det som var praksis tidlegare ut frå dei dåverande retningslinjene. I fylgje dei nye retningslinjene, skal kvar enkelt sak vurderast individuelt, mellom anna ut frå verneverdiane til kvart enkelt vassdrag. Vi meiner det vi søker om er fullt forsvarleg, jamfør diagram 3-7 i konsesjonssøknaden, som syner at mykje av den naturlege dynamikken i elvane vert bevarte trass reguleringa.

(...)

Under utarbeidinga av konsesjonssøknadane vurderte vi fleire ulike utbyggingsalternativ for begge elvane. For Øygardselva meiner vi at eit noko større uttaksvolum på ei kortare strekning (450 m) gir den mest skånsomme utbygginga. For Øygardselva vurderte vi t.d. ei utbygging der også Setrefossen var med - toppen av denne ligg på knapt 300 m.o.h., så fallhøgda ville blitt

vesentleg større. Imidlertid hadde både synlegheita og omfanget av nye inngrep vorte vesentleg større, og vi valde difor å gå vekk frå dette alternativet.

Møre og Romsdal fylke si frykt for at utbyggingane lett kan skape presedens for andre søknader i verna vassdrag, meiner vi ikkje er relevant. Det er føresett at det skal gjerast individuell vurdering i slike saker, og at det ikkje skal vere nokon faste storleikar på uttaksvolumet. Vi lit difor på at kvar enkelt søknad får si rettmessige vurdering, utan at ein skal måtte "gardere seg" i høve til seinare saker.

(...)

Som tidlegare nemnt er det verneverdiane og -kriteriane ein evt. konsesjon skal vurderast ut frå. Møre og Romsdal fylke drøftar ikkje tiltaka i høve til dei aktuelle verneverdiane for Stigedalsvassdraget. Det var vassgjennomstrøyminga som var hovudgrunnen til at vassdraget vart verna, og vi meiner det er grunn til å merke seg at Naturvernforbundet uttalar at tiltaka ikkje vil påverke verneverdiane! Elles viser vi til avsn. 3.4, 3. avsnitt i konsesjonssøknaden for Øygardselva.

For oss grunneigarane er det vel kjent at olivinområdet lenger nord, ved Sandvikselva, har vesentleg større biologiske verdiar og opplevingsverdi enn området langs Laurdalselva. Ved Sandvikselva er skogen i liten grad påverka av hogst og utanom ein veg og drikkevassinntak langt nede i elva, er her ikkje tekniske inngrep. I samband med planarbeidet vårt, vurderte vi også å søkje konsesjon for utbygging av Sandvikselva, men dette la vi vekk fordi vi ynskjer å ta vare på denne elva og miljøet rundt. Det kan også nemnast at eit olivinområde sør for Laurdalselva, i Trolldalen / Raudeura, har vesentlege biologiske verdiar og ligg urørt. Langs Laurdalselva er der alt gjort vesentlege inngrep gjennom vegbygging på begge sider av elva, hogst og treslagsskifte. Dei planlagde tiltaka er så langt som råd konsentrerte innanfor desse påverka områda. Dette ynskjer vi særleg å få vist i samband med den komande synfaringa.

- Påpeikar manglar i miljøkartlegginga og krev tilleggskartlegging.

Som ein ser er miljøkartlegginga utført i to omgangar. Den fyrste kartlegginga vart gjort før omfanget av minstevassføring og uttaksvolum var avklara. I tillegg mangla full kartlegging langs dei då aktuelle rørtrasene. Difor vart det gjort ei tilleggskartlegging på eit meir presist grunnlag.

Vi må få understreke at vår miljøkartlegging vart utført sommaren og hausten 2006 i tråd med dei kriteria som då gjaldt for slike kartleggingar. Vi nytta ein anerkjend og seriøs rådgjevar, som har utført fleire slike kartleggingar tidlegare. I etterkant har retningslinjene for slike kartleggingar blitt noko endra, og vi ber om forståing for at vår kartlegging ikkje er gjort i tråd med desse nye malane. Det at vegetasjonsfunna ikkje er inndelte i naturtypar eller kartfesta, endrar likevel ikkje på konklusjonane og tilrådingane frå Folkestad, får vi opplyst frå han.

Når det gjeld kravet om tilleggskartleggingar, meiner vi det er overflødig. Ut frå miljøkartlegginga og den lokalkunnskap vi har, anser vi det som lite sannsynleg at det vil bli gjort særmerkte funn i denne delen av Laurdalselva. Vi meiner dette særleg på grunn av den sterke kulturpåverknaden: her har vore massetipp i elva, bygt vegar på begge sider, hogd og stadvis planta gran heilt ned i elva. Vegetasjonskartleggingane gjev heller ikkje indikasjon på at her skal vere særleg verdifulle og fuktrevande artar å finne. Vi meiner difor at det føreligg tilstrekkeleg grunnlag å vurdere søknaden på. Vi vil også få minne om den fastsette kostnadsgrrensa for slike biologiske kartleggingar, som i tilfelle eit pålegg vil bli vesentleg overskriden.

Når det gjeld kommentaren om at kalkskog er ein truga vegetasjonstype, vil vi få understreke at det er vassdraget som er verna, og ikkje skogen. For skogen føreligg det ingen restriksjonar i høve til hogst eller planting. Vi meiner det må vere eit klart prov på grunneigarane si interesse for å ta vare på denne særeigne skogtypen, at ein ikkje har hogd meir enn at her framleis står grov og gammal furuskog lett tilgjengeleg langs vegar som har eksistert i mange år. Skogen vert vidare driven i tråd med Levande Skog-standardane, som nettopp skal sikre dei biologiske verdiane, samt ut frå skogbruksplanar med MiS-registreringar. Vi vil difor oppmode om at ein har tiltru til at grunneigarane kan og vil ta vare på desse naturverdiane, utan at det treng skje gjennom vern og bandlegging, men gjennom skånsom og vel planlagd bruk.

(.....)

- Anna

Som nemnt undrar det oss at Møre og Romsdal fylke sin uttale synest ubalansert og negativt fokusert i høve til planane. Vi veit t.d. at landbruksdrifta på dei aktuelle eigedomane vil få vesentleg positive ringverknadar av tiltaka. I innleiinga til høyringsuttalen frå Fylket står det at uttalen vert gitt med særleg vekt på miljø, ureining, kulturminne og landbruk. På spørsmål til Fylkesmannen si Landbruksavdeling får vi opplyst at dei ikkje har hatt konsesjonssøknadane til uttale. Vi tykkjer det er leit at uttalen no framstår som så vidt einsidig kritisk, men vi vonar at det t.d. kan hentast supplerande uttale frå Landbruksavdelinga dersom NVE finn det ynskjeleg.

#### 6. Volda Jeger- og Sportsfiskarlag , brev dat. 26.06.2007

- Er uroa for verknadane på den anadrome fisken i området.

(.....)

For Øygardselva kan anadrom fisk gå til Sagehølen, og stasjonen er tenkt plassert med utløp til denne. Vi kan difor ikkje sjå at anadrom fisk kan verte påverka av utbyggingane i det heile. Øygardselva har for øvrig svært lite oppgang av laks og sjøaure, også i tider med gode fiskebestandar. Jeger- og Sportsfiskarlaget sine kommentarar til manglande kultiveringssamarbeid er vi uforståande til all den tid det gjeld delar av vassdraget der vi ikkje er grunneigarar.

- Meiner aurebestanden vil bli skadelidande ved ei evt. utbygging.

Auren i Øygardselva kjem frå dei høgareliggande vatna Vasslivatnet og Svartedalsvatnet, som begge er overbefolka av aure pga gode gytetilhøve og lite fiske. Denne tilførselen av fisk ovanfrå vil ikkje verte påverka av ei evt. utbygging. Det same gjeld i stor grad Laurdalselva, der utbygginga gjeld eit bratt parti av elva der fisken i liten grad står over tid. Både minstevassføringa og slukeevna er etter vårt syn på eit slikt nivå at aurebestanden ikkje vil bli skadelidande.

#### 7. Statens vegvesen , brev dat. 10.07.2007

- Krev søknad om løyve til utvida bruk av avkøyrsla for Øygardselva Kraft.

Slik søknad vart sendt 13.12.2007, og vi er no i dialog med Vegvesenet om utforming av den private avkøyrsla frå Ev39. Avkøyrsla har gode siktilhøve, men den er vid i høve til vegnormalane, slik at Vegvesenet ynskjer tiltak for å stramme den opp.

Vi vil til slutt peike på at den samla påverknaden på Stigedalsvassdraget er marginal, etter vår vurdering. Planane gjeld sideelvar med hhv. 8 og 11% av det samla nedslagsfeltet, og det er korte strekningar i desse to sideelvane som vert påverka av tiltaka. Dei to tiltaka påverkar heller ikkje kvarandre, så det er ikkje fare for sumeffektar. Begge tiltaka er planlagde i område

*med mange tyngre tekniske inngrep, og meir inngrepfrie område er sparte. Vi oppmodar difor om at ein har tiltru til at vi som grunneigarar kan og vil ta vare på kultur- og naturverdiane langs dei to aktuelle elvane. Dette ynskjer vi skal skje gjennom skånsom og vel planlagd bruk, ikkje gjennom vern og bandlegging. Vi meiner vi har synt evne og vilje til dette gjennom den bruken som har vore av områda fram til no, samt ved at dei omsøkte tiltaka er moderate og vel gjennomarbeidde.”*

## **Tilleggsopplysningar**

Etter sluttsynfaringa har NVE motteke følgjande brev frå søkjar, datert 18.06.2008:

*”Vi vil fyrst få takke for ei nyttig og konstruktiv synfaring i Bjørkedalen 11. juni i år.*

*Vi ynskjer å kome med nokre supplerende kommentarar etter synfaringa. Dette brevet gjeld Øygardselva, og det vil om kort tid også verte oversendt eit brev med kommentarar vedk Laurdalselva.*

### **Val av elvestrekning og løysing**

*Under synfaringa la vi stor vekt på syne kvifor vi har valt nettopp det omsøkte utbyggingsalternativet for Øygardselva. Elva har fleire fall som lett kan nyttast utan særleg store inngrep, mellom anna fordi her er god vegtilkomst langs heile elva. Vi vurderte konkret ei utbygging frå Setrefossen frå 310 moh ned gjennom Eidsadalane til og med Øygardsfossen, eit fall på i alt 275 m. Dette ville gitt eit vesentleg større prosjekt, med ein produksjon oppunder maksgrensa for verna vassdrag.*

*Vi har likevel valt å søkje om ei vesentleg mindre utbygging, som berre vil omfatte 100 høgdemeter fall i Øygardsfossen. Grunnen til det er mellom anna at Setrefossen har stor opplevingsverdi i miljøet langs gamlevegen over til Eid, i tillegg til at Eidsadalane har spesielle og lite påverka elvestrekningar med holmar og små juv som vi ynskjer å spare.*

*I staden for eit relativt lite vassuttak over ei slik lang utbyggingsstrekning, meiner vi difor at det er totalt sett er betre med eit større vassuttak over ei kortare elvestrekning. Inngrepa er no planlagde i vesentleg kulturpåverka område, stasjonen vert nøye tilpassa eksisterande bygningsmiljø, og sjølve fossen er lite synleg for folk flest. Miljømessig meiner vi difor at eit så stort vassuttak er forsvarleg også i høve til dei aktuelle verneverdiane. Av økonomiske omsyn er det også viktig at det vert eit vassuttak av ein viss storleik, for at denne investeringa skal vere forsvarleg for oss grunneigarane. Minstevassføringa meiner vi også er på eit høveleg nivå, mellom anna ved at det er planlagt større minstevassføring i sommarhalvåret.*

*Som understreka tidlegare er det ei høg bevisstheit hos oss grunneigarane på at vi skal ta vare på den særmerkte naturen og kulturen i bygda, for dette er noko vi er stolte av! Samstundes må vi finne vegar å utvikle bygda og inntektsgrunnlaget på, slik at det skal vere gode grunnar til å bu og arbeide her - også i framtida.”*

Søklar har i e-post av 24.07.2009 gjeve følgjande tilleggsfråsegn:

*"Innspel vedk. Øygardselva Kraftverk i Stigedalsvassdraget – Alternativ stasjonsplassering.*

*Viser til vår konsesjonssøknad vedk. minikraftverk i Øygardselva i Bjørkedalen, Volda kommune, samt til synfaring og seinare kontakt.*

*Vi ynskjer med dette å komme med eit supplerande innspel til det planlagde minikraftverk i Øygardselva. Som understreka i søknaden og våre seinare innspel, er prosjektet planlagt med eit relativt høgt vassuttak for ei kort strekning, slik at inngrepet skal ha så små konsekvensar som råd er for vassdraget totalt sett. Vi har vurdert andre alternativ med mindre vassuttak over ei lenger elvestrekning, men etter vårt syn vil det innebere større inngrep og påverknad.*

*Møre og Romsdal fylke kom i høyringsrunda med innspel om at kraftstasjonen burde flyttast til eit punkt ovanfor saga og kverna i den nedste delen av fossen. Dette ville sikre opplevingsverdien av denne delen av fossen samt vassbruksmiljøet, ,noko som er særleg viktig sidan dette området er synleg frå E39.*

*Vi har no gjennomført nye høgdemålingar av fossen og gjort ei ny vurdering av stasjonsplasseringa. Vi ser det som akseptabelt for prosjektet vårt at kraftstasjonen vert plassert ovanfor vassinntaket til kvernhuset. Dersom NVE vurderer det som viktig for at konsesjon kan gjevast, er det for oss ei akseptabel løysing av stasjonen vert plassert der.*

*Høgdemålingane syner fylgjande:*

- a. Omsøkt inntak: kote 142 moh*
- b. Omsøkt utløp (nedanfor saghuset) : kote 34 moh*
- c. Alternativt utløp (ovanfor kvernhuset) : kote 50 moh*

*Korrigert fallhøgde for det omsøkte prosjektet vert såleis 108 m. Fallhøgda ved den alternative stasjonsplasseringa vert 92 m.*

*Dette gjev fylgjande produksjonsdata:*

Sjå tabell side 4, alt. 2 og 3, (vår merknad)

*Dei nye produksjonssimuleringane er utført av Arnar Kvernevik, SFE Produksjon AS.*

*Vi vonar NVE vil vurdere dette innspelet, og vi er opne for dialog omkring løysingar knytt til ei slik endra stasjonsplassering. Etter vår vurdering er det viktig at ikkje både fallhøgda og den maksimale turbinslukeevna vert redusert, avdi det vil gjøre prosjektet økonomisk vanskeleg å realisere. Vi minner også om at det i høyringsrunda var svært lite negativ respons på prosjektet, ut over det som gjaldt omsynet til vassbruksmiljøet nedst i fossen. Når dette no kan takast i vare gjennom ei endra plassering av stasjonen, meiner vi at prosjektet skal vere fullt ut akseptabelt for alle partar".*

## Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) sine merknader

### Om søkjar

Eigarane til 18 bruk i Søre Bjørkedal vil inngå ei samarbeidsavtale med formål å arbeide for å utnytte vassfallet i Øygardselva til kraftproduksjon. Det er lagt opp til å skipe eit aksjeselskap, Øygardselva Kraft AS. Aksjeselskapet står som søkjar og vil stå for utbygging og drift av kraftverket. Selskapet er eigd av dei grunneigarane som har fallrettar i prosjektet

### Om søknaden

Søknad gjeld løyve etter vassressurslova § 8 til bygging og drift av Øygardselva kraftverk.

### Omtale av området og eksisterande inngrep i vassdraget

Utbyggingsområdet ligg i Bjørkedalen i Volda kommune, Møre og Romsdal fylke, om lag 18 km sør for kommunesenteret i Volda. Øygardselva er ei mindre sideelv i det verna Stigedalsvassdraget. Elva får tilsig frå fjellområda vest og sør for Bjørkedalsvatnet. Klimaet er oseanisk med relativt liten temperaturforskjell gjennom året og årsnedbøren er høg (varierer mellom ca 4638 mm/år i øvre deler og om lag 1000 mm/år ved utløpet i Bjørkedalsvatnet).

På begge sider av elva nedstrøms planlagt kraftstasjonsbygning er det dyrka jord og elvebreiddene er stort sett førebygde med ein steinvoll og smal kantvegetasjon. Riksveg kryssar elva i bru nær Bjørkedalsvatnet. Skogsveg kryssar elva med bru like nedanfor planlagt inntaksdam. Nedanfor Øygardsfossen renn elva gjennom eit jordbrukslandskap, der det framleis er intakte minne etter sagbruk og kvernhus.

### Teknisk plan

I søknaden er det gjort greie for ei utbygging med kraftstasjon på kote 35 og inntak på kote 135, (alt. 1). I brev av 31.08.2009 har søkjar i tillegg komme med framlegg om ei alternativ plassering av kraftstasjonen av omsyn til vassbruksmiljøet ved Øygardsfossen om det blir vurdert som naudsynt. Kraftstasjonen vert då flytta til kote 50, ovanfor Øygardsfossen, (alt 3). Samstundes vert også alternativ med stasjonsplassering på kote 34 oppretthalde, (alt.2). Maksimal slukeevne vert ikkje endra. Inntak vert på kote 142 for alle alternativa, men både dette og stasjon på kote 34 i staden for kote 35 skuldast nye høgdemålingar. Endringane er så små at vi ikkje har funne grunnlag for å sende dei på ny høyring.

### *Reguleringer og overføringer*

Tiltaket medfører ikkje reguleringar eller overføringer.

### *Inntak*

Ved kraftverksinntaket på kote 142 blir det laga ein betongterskel med eit definert overløp. Lengda vert om lag 15 meter og største høgde ca. 3 m. Vatnet blir leia inn i ein inntakskonstruksjon av betong, hovudsakleg under bakkenivå. Inntaket vert utrusta med bjelkestengsel, varegrind og innløpskonus. Inntaksbassenget får eit vassvolum på ca. 500 m<sup>3</sup> og vil også ha funksjon som sedimentasjonsbasseng. I terskelen vil det bli eit arrangement for utspyling av lausmassar og slepp av minstevassføring.

### *Røyrgate*

Frå inntaket vert driftsvatnet ført til kraftstasjonen i eit ca. 450 m langt tilløpsrøyr av type PE. Røyrret får ein diameter på 0,6 m. Røyrret vert lagt i grøft og overfylt med lausmassar på heile strekninga. Røyrtraseen vil følgje ein skogsveg i øvre del, deretter gjennom eit skogsområde fram til innmark.

### *Kraftstasjon*

Kraftstasjonen blir plassert på innmark på ca. kote 50/34 og avløpet vert ført tilbake til elva gjennom ein kort kanal. Kraftstasjonen får eit areal på ca 50 m<sup>2</sup>, og det er drøfta ei utforming som kan være tilpassa det eksisterande bygningsmiljøet langs Øygardselva.

### *Elektriske anlegg*

Det er planlagt installert ein Peltonturbin med effekt på ca. 0,60 MW og maksimal slukeevne 750 l/s. Minste slukeevne vert på 75 l/s. Det vil bli installert ein lågspent generator med effekt 650 kVA og ein hovudtransformator med effekt 650 kVA og omsetting til generatorspenning på 22 kV.

Dei oppgjevne dataene for installasjonen er omtrentlege og kan bli endra, innanfor rammene til konsesjonen, etter at det er innhenta tilbod. Hovudtransformatoren vert plassert i kraftstasjonshuset som ein integrert del.

### *Vegar*

Det vil bli bygd ein kort veg på om lag 50 m fram til kraftverksinntaket. I tillegg må det byggast ein 100 m lang permanent tilkomstveg frå gardsvegen fram til kraftstasjonen.

### *Massetak og deponi*

Tiltaket medfører ikkje behov for uttak eller deponering av masser.

### **Hydrologiske verknader**

I nedbørfeltet er det fleire små vatn og tjørn som i noko grad bidreg til naturleg regulering av vassføring og flaumdemping i elva. Deler av nedbørfeltet strekkjer seg opp mot Ljosuregga 1205 moh. Tilsiget er karakterisert med relativt stor og stabil sommarvassføring. Gjennom året elles varierer vassføringa sterkt med nedbøren som gjev til dels høg vassføring utover hausten. I vinterhalvåret ligg midlare vassføring på under 30 % av midlare sommarvassføring. Kraftverket får eit nedslagsfelt på 14,3 km<sup>2</sup>, og normaltilsiget for perioden 1968 til 2004 er utrekna til ca. 1 m<sup>3</sup>/s, som gjev eit årstilsig på 31,6 mill.m<sup>3</sup>. Alminnelig lågvassføring er utrekna til 71 l/s,, medan restvassføring frå feltet mellom inntak og utløp kraftstasjonen er rekna til 30 l/s. 5-persentilverdiar for sommar- og vintervassføring er oppgjeve til respektive 297 l/s og 57 l/s.

Søkjær legg opp til å sleppe ei minstevassføring på 100 l/s om vinteren og 200 l/s om sommaren.

Det hydrologiske grunnlaget er NVE sitt isohydatkart med middels årsavrenning for perioden 1961-1990 og vassmerke 097.5 Sledalen.

## Produksjon og kostnader

Søker har utrekna gjennomsnittleg kraftproduksjon i Øygardselva kraftverk i alt. 2 til ca. 3,72 GWh fordelt på 1,59 GWh vinterproduksjon og 2,13 GWh sommarproduksjon. Kraftproduksjonen for alternativ 3 er utrekna til ca. 3,16 GWh fordelt på 1,35 GWh vinterproduksjon og 1,81 GWh. Byggekostnadene er estimert til 6,75 mill. kr basert på prisnivå 2006. Dette gjev ein utbyggingspris på 2,03 kr/kWh.

NVE har kontrollert dei framlagte berekningane over produksjon og kostnader. Vi har ikkje fått vesentlege avvik i forhold til søkjar sine utrekningar. Det vil likevel være søkjar sitt ansvar å vurdere den bedriftsøkonomiske lønsemda i prosjektet.

## Arealbruk og eigedomsforhold

For å gjennomføre utbygginga vil det være behov for areal til midlertidige (14 daa) og permanente anlegg (1,3 daa). Dei midlertidige anlegga (rigg, mellomlager, osv) vil bli rydda og satt i stand når arbeidet er ferdig. Skogsvegen som tidlegare er bygd oppover lia og forbi inntaket, vil bli nytta slik at øvre del av røyrgata blir lagt i vegtraseen. I nedre del ligg traseen i skogsterreng der det kan bli aktuelt med korte stikkveggar inn til rørgata.

Alle fallrettar og grunnrettar som vert utnytta er i privat eige og det er desse som førestår utbygginga gjennom selskapet Øygardselva Kraft AS. Aksjeselskapet vil inngå avtaler om leige av fallrettar og grunnareal som trengs for å gjennomføre utbygginga.

## Forholdet til offentlige planer

### *Verneplan for vassdrag*

Øygardselva er eit sidevassdrag til Stigedalselva. Vassdraget vart verna mot kraftutbygging i Stortinget 1.april 1993 (Verneplan IV). "Kontaktutvalget peker på de store natur- og kulturfaglige verdiene og nedbørsfeltets betydning for friluftsliv. Vassdraget representerer typeverdien for søndre Sunnmøres midtre fjordstrøk" (St.prp.118, 1992-92).

### *Kommuneplan*

Kommunedelplan for Bjørkedal 2003-2006 deler landbruks-, natur- og friluftsområde inn i to soner: sone A og B. I sone A kan det berre tillatast bygging som har direkte tilknytning til landbruksnæringa. I sone B kan det tillatast bygging under visse vilkår dersom sektormynde ikkje har innvendingar. Tiltaka i Øygardselva ligg for det meste i sone B. Kraftstasjonen i Øygardselva vil bli plassert i nærleiken av eit område som er merka som kulturminne (sag). Ved ein ev. konsesjon må søkjar sjølv avklare tilhøvet til kommuneplanen direkte med kommunen.

### *Inngrepsfrie områder (INON)*

Tiltaket påverkar ikkje INON-område.

### *Nasjonale laksevassdrag*

Vassdraget har ikkje status som nasjonalt laksevassdrag.

## Høyring og distriktshandsaming

Søknaden er handsama etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova. Den er kunngjort og lagt ut til offentleg ettersyn. I tillegg har søknaden blitt send til lokale styresmakter og interesseorganisasjonar. NVE inviterte alle uttalepartane til sluttsynfaring i juni 2008. Høyringsuttalane har vore lagt fram for søkjar for kommentar.

**Volda kommune** meiner tiltaket er lite konfliktfylt og tilrår konsesjon. Kommunen peiker likevel på at nærleiken til eit kulturhistorisk verdfullt miljø krev omsyn med tanke på plassering av kraftstasjonen i terrenget og utforminga av bygget.

**Møre og Romsdal fylke** rår ikkje i frå konsesjon til Øygardselva, men dei tilrår plassering av kraftstasjonen ovanfor saga og kvernhuset. Fylket peikar elles på at prosjektet er planlagt med ei høg slukeevne og at også høgare minstevassføring bør vurderast. Fylket ynskjer òg ein betre dokumentasjon på verknader for det biologiske mangfaldet. Elles nemnar fylket at saka lyt sjåast i samanheng med Laurdalselva kraftverk i nabovassdraget.

**Naturvernforbundet i Ørsta og Volda** rår frå at det vert gjeve konsesjon på grunn av ønskje om fylkesvise planar for kraftverk, men meiner at det omsøkte tiltaket ikkje vil gå ut over verneverdiane for Stigedalsvassdraget.

**Bjørkedal Grendautval** peikar på at utbygging av elva vil kunne gje inntekter til grunneigarane og soleis kan vere med på å sikre busetnaden i bygda. Difor blir dette sett på som eit positivt tiltak, og støttar søknaden slik den ligg føre.

**Volda Jeger- og Sportsfiskarlag** er noko usikre når det gjeld verknadene for anadrom fisk i vassdraget, men rår ikkje i frå konsesjonen sjølv om dei uttrykker skepsis mot planane slik dei ligg føre.

**Tussa Nett AS** ser på bygging av småkraftverk som eit positivt bidrag til kraftbalansen i fylket, men understreker behov for oppgradering av 22 kV nettet i Bjørkedalen.

**Statens vegvesen** har ikkje merknader, men minner om krav om løyve til utvida bruk av avkjørsle for Øygardselva Kraft.

## Verknader med tiltaket - Fordeler og skader/ulempar

Nedanfor er det gjeve ei oversikt over kva NVE vurderer som dei viktigaste fordelane og skadane/ulempene ved den planlagde utbygginga:

### *Fordelar*

- Prosjektet vil i følgje søknaden gje inntil ca.3,72 GWh i ny årleg fornybar energiproduksjon
- Ved realisering som opplyst vil både det nye kraftverket og gammalt sagbruk/kvernhus dokumentere utnytting av vassressurs gjennom tidene
- Prosjektet kan gje både lokalt og regionalt energitilskott og bidra med inntekter til fallrettseigarar/grunneigarar, gje auka næringsgrunnlag og bidra til å styrke den lokale busettinga
- Prosjektet fremstår som eit lokalt og samlande samarbeidstiltak.

### *Ulemper*

- Utbygging og drift av kraftverket vil medføre redusert vassføring i Øygardselva
- Dei tekniske inngrepa vil i noko grad redusere opplevinga av elva og utbyggingsområdet i anleggsfasen
- Ei utbygging etter alt. 1 og 2 vil forringe opplevinga av Øygardsfossen med nært tilknytta kulturminne frå nyare tid

### **NVE si vurdering**

Søknaden gjeld utbygging og drift av eit minikraftverk i nedre delen av Øygardselva som er ei sideelv til Stigedalsvassdraget. Vassdraget er verna gjennom verneplan IV for vassdrag. Det er frå 2006 opna for at det kan gjevast konsesjon for minikraftverk med installert effekt på inntil 1000 kW i verna vassdrag. Det er ein viktig føresetnad for å gje løyve til utbygging at tiltaket ikkje i nemnande grad medfører negative verknader på område som representerer basisomsyn for vernevedtaket for vassdraget. I grunngevinga for vernevedtaket er det vist til dei store natur- og kulturfaglege verdiane og at nedbørfeltet er viktig for friluftsliv. Det er også peika på at vassdraget representerer typeverdien for midtre fjordstrøk på Søndre Sunnmøre.

Dersom det skal gjevas konsesjon til kraftverk i verna vassdrag er det krav om at installert effekt ikkje skal være større enn 1 MW. Vidare skal det ved ein konsesjon vere gitt ei vurdering av verdiane i vassdraget med grunngeving for kvifor desse verdiane ikkje vert svekka, jf. vassressurslova § 35, post 5 og 8. Om desse krava er oppfylte skal vassdragsstyresmakta foreta ei vurdering av om fordelane av tiltaket er større enn ulempene for private og allmenne interesser slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. Det kan i så fall gjevast løyve i medhald av vassressurslova § 8. Til eit slikt løyve skal det stillast vilkår for utbygging og drift.

Den lokale jeger- fiskerforeninga har gjeve fråsegn i saka der det er peika på at utbygginga kan gje negative verknader for fisken i vassdraget. Møre og Romsdal fylke har peika på at utbygginga kan gje negative verknader for viktige natur- og kulturfaglege interesser, og at også opplevinga av elva kan verte noko redusert. Fylket meiner dei opplysningane som ligg føre knytt til dei naturfaglege verdiane ikkje er tilstrekkelege. I andre fråsegner er det ikkje særskilde merknader til prosjektet, men Naturvernforbundet meiner at slutthandsaminga av søknaden bør utsettast til det ligg føre ein fylkesplan om småkraftverk, ev. at kommunen har utarbeidd dette.

### **Hydrologiske verknader av utbygginga**

Møre og Romsdal fylke har peika på at det bør leggjast fram eit alternativ med lågare utnyttingsgrad og større minstevassføring. Volda kommune har også vist til at det må vere ein føresetnad at det blir fastsett minstevassføring på elvestrekkja.

NVE ser det slik at planlagt maksimalt vassuttak på 75 % av middelvassføringa kan vere høgt i eit verna vassdrag. I praksis er det likevel turvande å vurdere vassuttaket i høve til elva sin eigen karakteristiske avrenningsprofil gjennom året. Typisk vil nedbørfeltet til Øygardselva, som ligg relativt høgt med gode snømagasin, i normalår gje stor avrenning i heile sommarsesongen. Om vinteren, frå november til snøsmeltinga i mai vil tilsiget vere vesentleg lågare.

Med ei slukeevne på 750 l/s og med forslaget til minstevassføring om sommaren på 200 l/s, vil det fyrst vere ved vassføringar over 950 l/s at det vert overlaup ved inntaket. Dei hydrologiske kurvane i søknaden syner etter vår meining på ein god måte at det er mykje variasjon og svingingar i vassføringa

på rundt 1 m<sup>3</sup>/s, frå mai til november. Sjølv om det om sommaren i dei fleste åra er godt med overlaup frå mai til ut i august, vil det likevel i fleire år vere tilfelle der vassføringa berre vil bestå av minstevassføringa.

NVE meiner at ei reduksjon i slukeevna til maksimalt 600 l/s i vesentleg grad vil gje ein god variasjon i vassføringa gjennom store deler av året. Dette kan ha mykje å seie både for naturmiljøet i og langs elva, og for opplevinga av elva som landskapselement. Vi vil peike på at ei slik slukeevne vil vere på om lag 60 % av middelvassføringa, og i overkant av kva NVE tidlegare har gjeve konsesjon for ved utbyggingar i verna vassdrag.

Etter vår meining vil eit avgrensa maksimalt vassuttak saman med krav til minstevassføring, i rimeleg grad sikre at dynamikken i skiftande vassføringar ikkje blir borte. Vi ser dette som naudsynt for å oppretthalde elva som eit vassdragsselement som har ei varierende og god restvassføring og legg dette til grunn i våre vurderingar for dei einskilde fagtema nedanfor.

Med flytting av kraftstasjonen til ovanfor Øygardsfossen, (alt. 3) vil den omsynskrevjande fossen ikkje få endra vassføring. Det vil også medføre at det ikkje blir konflikt med kulturminna knytt til denne fossen. I eit midlare år vil tilsiget i sommarhalvåret vere rikeleg og i lange periodar vil planlagt vassuttak ligge på 30 og 50 % av middelvassføringa gjennom sommaren. Ei høg minstevassføring om sommaren vil, slik NVE ser det, ikkje bli noko serleg tyngjande vilkår for dette prosjektet. Det er NVE si vurdering at restvassføringa saman med ei relativt god minstevassføring vil vere tilstrekkeleg til å sikre verdiar knytt til naturtypar og fuktkevande miljø i og langs elva.

### **Stigedalsvassdraget som typevassdrag**

I NOU 1991: 12B, Verneplan IV for vassdrag, er det gitt ei nærare grunngeving for at vassdraget er trekt fram som typevassdrag. Det vert vist til at vassdraget har stor variasjon i naturtypar. I denne vurderinga er det berre Stigedalselva og Flatdalselva som vert nemnt. Det vert vidare framheva at:

*”Området er fra før relativt godt dekt i verneplanene. Typeverdiene i Stigedalselva utgjør et supplement til de øvrige vernede vassdragene i området.”*

Ut frå dei naturtypane som er nemnd i vernevedtaket og den geografiske plasseringa til dei, og at det er særleg Stigedalselva og Flatdalselva som vert omtala, meiner NVE at ei utbygging av Øygardselva ikkje vil ha verknader i nemnande grad for Stigedalsvassdraget som typevassdrag.

### **Biologisk mangfald**

Fylket har i fråsegna vist til at det ikkje er registrert særskilte naturfaglege data i det aktuelle området. Det blir likevel peika på at det blir vurdert slik at konsulenten har konsentrert seg om å vurdere naturtypar og vegetasjonssamfunn. Fylket meiner at ein del av Øygardselva, med grunnlag i rapporten, kan karakteriserast som fossesprøytzone.

Vi finn grunn til å sitere fylgjande frå rapport om biologisk mangfald i kap. A om elvesona og vassdraget:

*”...Langs delar av elvestrekninga, særleg langs fossen, er det likevel dominans av naturgjeven vegetasjon og med ei utforming som i all hovudsak representerer det som kan reknast som naturlege vegetasjonssamfunn. Det mest interessante delområdet naturfagleg sett er nettopp fossesona, både fordi fossen er svært markert og har delvis utvikla fossejuv, og fordi fossen er nordvend og såleis har godt utvikla fuktsoner. Det vart likevel ikkje registrert spesielt sjeldne planteartar eller velutvikla og spesielle vegetasjonssamfunn i fossesona og langs det meste av*

*den aktuelle elvestrekninga er det heller triviell vegetasjon i utformingar som er vanlege i dette distriktet. Den moderate variasjonsbreidda, der kulturbetinga planteartar står for ein viktig del av utvalet, syner eit område gjennomgåande av middels, dels også låg bonitet. Berre deler av fossesona og elvebreidda langs dyrkajord kan klassifiserast som rikare.”*

Vidare, frå konklusjonen:

*Som det vil gå fram av det som er sagt framanfor, må Øygardselva på den aktuelle strekninga for kraftverksutbygging klassifiserast som eit nokså ordinært og til dels trivielt vassdrag, der både sjølve elva og vegetasjonen langs elva stort sett høyrer med til fattige utformingar av vegetasjonssamfunn som er vanlege nær sagt over alt langs tilsvarande vassdrag i distriktet. Etter vegetasjonsbildet må mesteparten av området klassifiserast som låg eller middels bonitet- og med dominans av vegetasjonssamfunn og planteartar som er vanlege over alt elles i regionen. Innslag av meir kravfulle planteartar er stort sett fråverande. Det mest interessante for denne elva er sjølve Øygardsfossen, som markerer seg godt i landskapet. men som vegetasjonsmessig ikkje ser ut til å by på spesielle plantesamfunn eller innslag av uvanlege artar. Det er ikkje notert raudlista planteartar, og dei raudlista fugleartane som vart registrerte, er ikkje knytt til eller avhengige av del aktuelle inngrepsområdet. Oter nyttar tidvis nedste del av elva, men ei eventuell kraftverksutbygging vil neppe ha merkbar negativ effekt for korkje denne arten, eller t.d. fossefall som og er knytt til og hekkar i elva.”*

Vi viser elles til denne kommentaren frå søkjar, jf. brev av 29.02.2008, knytt til fylket sin kommentar om betre kartlegging:

*”Fylket påpeikar manglar i miljøkartlegginga og krev tilleggskartlegging. Som ein ser er miljøkartlegginga utført i to omgangar. Den fyrste kartlegginga vart gjort før omfanget av minstevassføring og uttaksvolum var avklara. I tillegg mangla full kartlegging langs dei då aktuelle rørtrasene. Difor vart det gjort ei tilleggskartlegging på eit meir presist grunnlag.*

*Vi må få understreke at vår miljøkartlegging vart utført sommaren og hausten 2006 i tråd med dei kriteria som då gjaldt for slike kartleggingar. Vi nytta ein anerkjend og seriøs rådgjevar, som har utført fleire slike kartleggingar tidlegare. I etterkant har retningslinjene for slike kartleggingar blitt noko endra, og vi ber om forståing for at vår kartlegging ikkje er gjort i tråd med desse nye malane. Det at vegetasjonsfunna ikkje er inndelte i naturtypar eller kartfesta, endrar likevel ikkje på konklusjonane og tilrådingane frå Folkestad, får vi opplyst frå han.”*

NVE finn her å legge vekt på informasjon og konklusjonar slik det går fram av rapporten om biologisk mangfald. NVE kan ikkje sjå at det ligg føre manglar ved søknaden som gjer at vi vil stille krav om nye utgreiingar knytt til biologisk mangfald. Vi vurderer det slik at med ei avgrensing i storleik på vassuttaket og ei god minstevassføring vil dette gje vassføring på elevstrekka som sikrar eit fuktig miljø for dei artane som dette er viktig for.

Olivingrunn i delar av området er nemnd som referanse for spesiell artsrikdom. NVE ser ikkje at utbyggingsprosjektet i nemnande grad vil endre status for dette. Det er alt etablert skogsvegar, og det er opplyst at det ikkje er restriksjonar i høve til hogst eller planting og at skogen vert driven i tråd med Levande Skog-standardane, som skal sikre dei biologiske verdiane, samt ut frå skogbruksplanar med MiS-registreringar. NVE kan gjennom godkjenning av detaljplanar sjå til at ikkje skog i nemnande grad vert påverka.

Etter NVE sitt syn har det ikkje kome informasjon som tilseier at det er særleg høge verdiar knytt til naturmiljøet i nedre del av Øygardsfossen. Søkjar har lagt fram eit sekundært alternativ med flytting av stasjonen til kote 50. NVE meiner at med den avgrensinga i slukeevne som vi meiner er naudsynt i

kraftverket og med slepping at minstevassføring, saman med den informasjon som ligg føre, vil ikkje verdiar knytt til biologisk mangfald i nemnande grad bli påverka av utbygginga. Dette gjeld uavhengig av om kraftstasjonen vert plassert på kote 34 eller kote 50.

### **Fisk og ferskvassbiologi**

Volda Jeger og Sportsfiskarlag har otte for at utbygginga skal medføre negative verknader for anadrom fisk i vassdraget. Det er kjent at nedre del av Øygardselva har eit mulig gyte- og oppvekstområde for anadrom fisk, men NVE vurderer det som lite sannsynleg at ei eventuell utbygging vil få uheldig verknad her.

For elvestrekkja frå kraftstasjonen og ned til Bjørkedalsvatnet vil utbygginga ikkje gje vesentlege endringar i vassføringa, og NVE kan ikkje sjå at utbygginga vil påverke stasjonær aurebestand. På sjølve utbyggingsstrekkja vil det til ei kvar tid vere så stor minstevassføring/restvassføring at levevilkåra for innlandsfisk blir lite endra.

### **Flora og fauna**

Det er ikkje dokumentert særskilde artar eller naturtypar som vert råka av ei ev. utbygging. Det kan vere oter i vassdraget, men som det går fram ovanfor meiner vi at tiltaket ikkje vil ha verknader for fisk i elva. Det er NVE si vurdering at restvassføringa med ei relativt god minstevassføring og avgrensa slukeevne vil vere tilstrekkeleg til å sikre verdiar knytt til fauna og naturtypar og fuktkevjande miljø langs elva.

### **Landskap**

Eit sentralt og viktig landskapselement som vert påverka av planlagt utbygging, (alt 1/2) er Øygardsfossen som er eit markert fossefall/strykstrekning. På begge sider av fossen er det skog og beitemark. På vestsida er eit område med dyrkajord, og ein skogsveg kryssar elva med bru. Influensområde er dominert av skog, dyrkajord og kulturmark.

Øygardsfossen er godt synleg frå riksvegen og er innafor eit avgrensa landskapsrom viktig for landskapsopplevinga. NVE meiner såleis at flytting av kraftstasjonen til kote 50, (alt. 3) har mykje å seie for opplevinga av samspelet mellom naturelement og kulturminne som er knytt til Øygardsfossen.



I Stigedalsvassdraget var det store natur- og kulturfaglige verdier saman med viktige friluftinteresser som låg til grunn for vern av vassdraget. NVE meiner at med ei plassering av kraftstasjonen på kote 50, så vil ikkje slike verdier verte råka.

Turvande terrenginngrep ved utbygginga slik som røyrgatetraseen, bruk av skogsveg med stikkvegar og areal for mindre massedeponi, vil i hovudsak vere av mellombels karakter. Etter vår meining vil inngrepa knytt til gjennomføring av utbygginga ikkje gje nemnande negative verknader for dei ålmenne interessene.

### **Kulturminne**

Bjørkedalen er kjent for kulturminne/kulturlandskap knytt til elva. Båtbygging har hatt stor betydning for bygda gjennom tidene. I Verneplan IV for vassdrag er kulturminner i Bjørkedalen karakterisert som meget stor verdi. Sirkelsaga og kvernhuset som ligg i Øygardselva har stor kulturhistorisk verdi. Møre og Romsdal fylke har peika på at det er viktig i høve til kulturminne å få vurdert om kraftstasjonen kan flyttast opp om den gamle saga ved Øygardsfossen. Volda kommune har også peika på trong for særskilte omsyn til kulturminna ved elva. NVE legg i saka vekt på at flytting av det planlagde kraftverket til ovafor Øygardsfossen vil medføre at anlegget ikkje vil komme i direkte konflikt med strekkja som desse kulturminna er knytt til.

## Landbruk

Det er ikkje forventa at utbygging og drift av kraftverket vil gje negative verknader for landbruket i området. Bjørkedal Grendautval har i si høyringsfråsegn vist til at ei utbygging av elvane vil kunne gje inntekter til grunneigarane og såleis være med å sikre busetnaden i bygda. NVE vil her merke at i ei samla vurdering av verknader som eit slik tiltak kan ha for allmenne interesser, blir det også lagt vekt på at det blir definert som ei ållmenne interesse å byggje ut næringslivet i lokalsamfunnet. Lokal energiproduksjon knytt til små kraftverk blir såleis vurdert som ledd i utvikling av utmarksstrategiar i landbruket.

NVE ser det slik at eit aktivt jordbruk som formar kulturlandskapet også er ein viktig del av dei ålmenne interessene. Det er også NVE si oppfatning at eit viktig kriterium for vern av vassdraget var vektlegging av eit kulturlandskap basert på verdiar knytt til eit aktivt og tidsaktuelt jordbruk. Området der kraftverket no er planlagt er påverka gjennom beitebruk og skogbruk som er nært knytt til aktiv landbruksdrift.

## Konsekvensar av kraftlinjer

Mellom kraftstasjonen og eksisterande 22 kV- linje blir det lagt ein jordkabel på ca. 100 m. Tussa Nett AS som er eigar av 22 kV-linja har meldt frå om at det kan bli aktuelt med oppgradering av linja mot Straumshamn og transformatoranlegget der.

## Sumverknader

Stortinget har gjennom vedtak av verneplanane og i høve til desse vassdraga sin plass i vassressurslova, gitt føringar for forvaltning av dei aktuelle vassdraga. NVE ser det slik at det er turvande at forvaltninga gjennom sin praksis gjev relativt klare signal både om retningslinjer for vurdering av einskilde prosjekt, men også om vurderingar og signal knytt til eventuelle grenser for kva omfang utbygging av mikro-/minikraftverk kan få. Det vil såleis for einskilde vassdrag, vassdragsområde eller vassdragsavsnitt vere nødvendig at det blir gjort vurderingar både på konkrete verknader ved dei einskilde utbyggingstiltaka og samla verknader ved fleire tiltak som gjev eit relativt klart grunnlag for å kunne konkludere med at nok er nok.

NVE handsamar no søknader om utbygging av Øygardselva og Laurdalselva samstundes. Det er såleis grunnlag for å gjere ei heilskapleg vurdering av om tiltaka har verknader ut over det som gjeld for kvart einskild prosjekt. Dei to utbyggingsprosjekta er relativt små, dei er ikkje i konflikt med sentrale verneverdiar eller medfører negative verknader i større grad for andre allmenne interesser. NVE kan såleis ikkje sjå at tiltaka har verknader som strekkjer seg ut over det som er vurdert under dei ulike fagtema for kvart prosjekt. Ubygging av Laurdalselva vil såleis være akseptabelt innafor ei slik ramme.

Vi har i eige brev av i dag gitt løyve til bygging av Laurdalselva kraftverk. For Øygardselva kraftverk syner vi til vår konklusjon nedanfor

## Anna

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal krev i si fråsegn at NVE ikkje gjev konsesjon til småkraftverk som ikkje inngår i fylkesvis eller kommunal delplan for vassdrag. I høve til ev. verknader for dei verdiar som vart lagt til grunn for vernet av Stigedalsvassdraget har Naturvernforbundet ikkje spesielle merknader.

Etter det NVE er kjent med er det ikkje starta opp noko arbeid med slike regionale eller lokal planar som Naturvernforbundet viser til. Fylket har ikkje gjeve innspel om krav til slike planar i si fråsegn. Volda har heller ikkje vurdert ein slik plan på kommunalt hald som naudsynt for handsaming av desse søknadene. NVE finn såleis ikkje at det er grunnlag for å utsette handsaminga i påvente av slike eventuelle slike planar. Ei slik vurdering er i samsvar med dei tilrådingar departementet har gjeve i handsaming av søknader der det ikkje er framkome krav frå fylkeskommunen om ei slik stans i handsaminga av søknader. Uavhengig av om det er utarbeidd ein kommunal eller fylkeskommunal plan, så legg NVE til grunn dei føringar som er gjevne frå OED for utarbeiding av slike planar og kva som skal leggast til grunn. Praksis for slike planar til no har elles vore at dei ikkje omfattar prosjekt i verna vassdrag.

### **Oppsummering**

NVE meiner det omsøkte prosjektet i Øygardselva slik det går fram av søknaden etter alt 3 og med visse justeringar, knytt til utnytting av vassressursen, berre vil gi moderate negative verknader for allmenne interesser. Utbygginga vil såleis heller ikkje i nemnande grad påverke sentrale vernekriteria for vassdraget i negativ lei. Ei utbygging vil ikkje etter vår meining vere i konflikt med krava i vassressurslova, jf. § 35, 1. ledd, post 5 og 8, for å kunne gje konsesjon til ei utbygging. Tiltaket vil gje ei viss auke i ny fornybar energiproduksjon og kunne gje positive verknader for grunneigarane og lokalsamfunnet. I eit verna vassdrag meiner NVE at den naturlege dynamikken med skiftande vassføringar er ein viktig del av elva sin eigenverdi. For ei elv som Øygardselva finn NVE at ei rikeleg minstevassføring og avgrensa slukeevne vil være særskild viktig for å ta vare på verdier knytt til naturmiljøet i og langs vassdraget og opplevinga av elva. Med god planlegging og oppfølging i byggetida meiner NVE at tiltaket ikkje påverkar allmenne interesser i særleg grad

### **NVE sin konklusjon**

Under føresetnad av at det blir slept ei tilstrekkeleg sesongtilpassa minstevassføring, blir utbygginga vurdert til å ikkje få avgjerande verknader på verneinteressene, jf. vassressurslova § 35, første ledd, pkt. 5 og 8. Etter ei samla vurdering av det omsøkte prosjektet og innkomne uttalar, finn NVE at fordelane ved det omsøkte tiltaket er større enn skader og ulemper for allmenne og private interesser slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt.

**NVE gir i medhald av vassressurslova § 8 løyve til å utbygging og drift av Øygardselva kraftverk etter alternativ 3 på nærare fastsette vilkår**

Dette vedtaket gjeld berre løyve etter vassressurslova.

### **Forholdet til energiloven**

Tussa Nett AS er områdekonsesjonær og skal etter det som er vist til i søknaden stå for bygging og drift av høgspenningsanlegget. Vi finn at det ikkje er turvande med eigen anleggskonsesjon etter energiloven for tilkopling til 22 kV nettet. Høgspenningsanlegg, inkludert transformering, kan byggjast i medhald av nettselskapet sin områdekonsesjon.

NVE har ikkje gjort ei grundig vurdering av kapasiteten i nettet, men viser til fråsegna frå Tussa Nett AS og at tiltakshavar sjølv er ansvarleg for at avtale om nettilkopling er på plass før byggestart. NVE vil ikkje godkjenne detaljplanane for anlegget før ei slik avklaring ligg føre, jf. post 4 i vilkåra for konsesjonen.

## Merknader til konsesjonsvilkåra etter vassressurslova

### Post 1: Vasslepping

Følgjande data for vassføring og slukeevne er henta frå konsesjonssøknaden, med endring av 31.08.2009 og lagt til grunn for NVE si vurdering av minstevassføring:

Middelvassføring	l/s	1002
Alminneleg lågvassføring	l/s	71
5-persentil sommar	l/s	297
5-persentil vinter	l/s	57
Største slukeevne	l/s	750
Minste slukeevne	l/s	75

Søkjjar har lagt til grunn ei slukeevne på 750 l/s og det er lagt opp til minstevassføring på 200 l/s i sommarperioden og 100 l/s om vinteren.

Møre og Romsdal fylke peikar på at prosjektet er planlagt med ei høg slukeevne og rår til at høgare minstevassføring bør vurderast.

Vi vil vise til drøftinga ovanfor og finn at ei maksimal slukeevne på 600 l/s vil gje ein vesentleg betre variasjon i restvassføringa i viktig periodar av året. NVE meiner at minstevassføringa i sommarperioden må aukast til 300 l/s. I vinterperioden vil ei minstevassføring på 50 l/s sikre ei tilstrekkeleg og stabil lågvassføring. I tillegg vil det komme noko tilsig frå restfelt på ca 0,4 km<sup>2</sup>. I praksis vil det bli slik at kraftverket berre kan driftast i sommarhalvåret når vassføringa er over 375 l/s og om vinteren med vassføringar over 125 l/s. Det vil være viktig at tiltakshavar utformar tekniske løysingar som sikrar drift av anlegget innafor desse rammevilkåra.

Med desse krava til maksimal slukeevne og minstevassføring vil kraftverket få ein årleg produksjon på om lag 2,9 GWh/år. Dette er ein reduksjon i høve til søknadens alt. 3 på ca. 0,3 GWh/år.

Dersom tilsiget til inntaket er mindre enn kravet til minstevassføring skal heile tilsiget sleppast forbi, og kraftverket skal ved slike høve ikkje vere i drift.

Det skal etablerast målearrangement for registrering av minstevassføring. Registrerte data skal leggjast fram for NVE når det blir bedt om det. Teknisk løysing for å kunne dokumentere slepping av minstevassføringa er ein del av detaljplanen som skal godkjennast av NVE.

Kraftverket skal køyrast jamt og i takt med tilsiget.

### Post 4: Godkjenning av planer landskapsmessige forhold tilsyn m.v.

Detaljplanar vil ikkje verte handsama før det ligg føre ei naudsynt avklaring om tilgjengeleg kapasitet for nettilknytning. Vi syner her til merknadene under avsnittet om tilhøvet til energilova ovanfor Detaljplanar for inntak/dam, kraftstasjon, rørgate, støydemping, minstevassføringsarrangement og miljøtilpassing av kraftstasjonen m.v. skal godkjennast av NVE før arbeidet vert sett i gang. Planane skal sendast til NVE sitt regionkontor i Førde.

Det skal leggjast spesiell vekt på prosjektering og utforming av kraftstasjonsbygget. Nedanfor den planlagde kraftstasjonen ligg sagbruk og kvernhus. Ved utforming av kraftstasjonsbygget bør det gjerast vurderingar i høve til vektlegging av eksisterande kulturminnemiljø.

Kraftverket skal byggjast på kote 50 slik som oppgjeve i brev av 31.08.2009.

Røyrgata skal gravast ned på heile strekninga om ikkje NVE godkjenner noko anna av miljømessig årsaker.

Vi viser også til merknadene i vilkåra post 6 nedafør, om kulturminne.

#### Post 5: Naturforvaltning

Vilkår for naturforvaltning blir teke med i konsesjonen sjølv om det i dag kan synast lite aktuelt å pålegge ytterlegare avbøtande tiltak. Ev. pålegg i medhald av dette vilkåret må være relatert til skader som er direkte fylgje av tiltaket og framstå som rimelige i høve til storleik og verknader ved tiltaket.

#### Post 6: Automatisk freda kulturminne

NVE legg til grunn at tiltakshavar tek naudsynt kontakt med kulturavdelinga i fylkeskommunen for å klarere forholdet til § 9 i kulturminnelova før innsending av detaljplan. Vi minner vidare om tiltakshavar si generelle plikt til å syne aktsemd og krav om varsling av aktuelle instansar dersom det i anleggsarbeidet blir støytt på kulturminne, jf. § 8 i kulturminnelova.

#### Andre merknader

"Forskrift om saksbehandling og kontroll i byggesaker" gjev prosjekt som har konsesjon etter vassressurslova fritak for byggesakshandsaming etter plan- og bygningslova. Dette føreset at tiltaket ikkje er i strid med arealdelen i kommuneplanen eller gjeldande reguleringsplanar. Tiltaket skal i høve til kommunal arealplan etter plan- og bygningslova vere avklara med kommunen før godkjenning av detaljplanar og oppstart av anleggsarbeidet.

Det er søkt om løyve etter forurensningslova til å gjennomføre utbygginga. Det må her søkjast til fylkesmannen om turvande avklaring etter forurensningslova i anleggs- og driftsfasen. NVE har ikkje mynde til å g vilkår etter forurensningslova.

Vi minner også om at tiltakshavar må få naudsynte løyver frå Statens vegvesen knytt til utvida bruk av avkøyrsløse for Øygardselva kraftverk.